



Michael Szewczak frå Polen er ein av dei som målar kyrkja i Uskedalen

Den pågåande målinga av kyrkja i Uskedalen som rundar 100 år i 2014 har utløyst ein diskusjon i bygda. Grunnen er at eit tilbod frå eit lokalt firma om gratis måling ikkje vart godteke. Målinga var verd 20 000 kroner.

Men no får uskedalen.no opplyst av kyrkjeverje Arne Lindekleiv at saka vart løyst ved at firmaet som fekk jobben også sponsar målinga - i samråd med leverandøren

Det var spesialfirmaet Meusburger i Odda som fekk arbeidet med målinga av kyrkja for 125 000, inkludert måling. Dei har tidlegare måla inngangspartiet. Dei 3 andre veggane står att og vert måla no.

Det var det lokale Byggeriet som kom med tilbodet om gratis måling. Meusburger ynskte på si side å nytta Tjeralin som firmaet er best kjent med og som er nytta på den fyrste veggen.

Det har vore ein dialog mellom Meusburger og Byggeriet om saka. Det lokale firmaet skal i staden sponsa innvendig måling, opplyser kyrkjeverjen.

Meusbuger er kjend for høg kompetanse på jobbar knytt til kyrkjer, musear og andre gamle hus. I sin eigen presentasjon skriv dei at dei er spesialistar på dekorative og antikvariske teknikkar og restaurering av verneverdige bygningar og gjenstandar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Meusburger er godt igang med kyrkjejobben